



Thien Quang Le *Foto: Ragnhild Nyhammer*

Grøne midlar i bydelen St. Hanshaugen blir kutta.

I ein tid der klima er stort og budsjettet er lite, har bydelsutvalget vedtatt at grønne midlar skal kuttast slik som det stod i budsjettforslaget for 2025.

Byline: Ragnhild Nyhammer

Tidlegare har St. Hanshaugen støtta tiltak og aktivitetar for auka miljøengasjement i bydelen, også kjent som grønne midlar. Dei 500 000kr som blir kutta har vert med på å skapa engasjement og felleskap i nabolaga kor ein set det grønne skiftet i fokus.

Døme på midlar ein kan søkja til er bytemarknad, insektshotell, urban dyrking eller berekraftig matkultur, i tillegg til mykje anna grøn mobilitet. Det er eit lavterskeltilbod som enkeltpersonar, grupper, organisasjonar og mange andre kan søkja om.

Ung stemme

Thien Quang Le, ein ung miljøaktivist, tek glede i det grønne tilbodet til bydelen og meiner det er dumt at det skal vekk.

– Vi er i et grønt skifte der mye styres av politikken, men vi kan fortsatt gjøre småting som disse grønne midlene bidrar til. Det er med på å inspirere tilskuerene der alle kan føle på eierskap.

I budsjettsrapporten står det at grønne midlar er eit viktig bidrag for å halda oppe den sosiale infrastrukturen i bydelen. Sjølv om Le har eit engasjement for miljøet og tilbodet meiner han også at trivselen rundt har like mykje verdi.

– Biene reddes kanskje ikke av insektshotellene her og der, men om det ikke har så stor miljømessig betydning påvirker det syken til menneskene. Det gjør det hyggeligere å bo i dette urbane landbruket.

Det er ikkje alltid ein veit kva tilbod ein kan bruke i bydelen sin, men ein merke det oftast når andre tek det i bruk.

– Før var det ein rusmissbruker utenfor Chateau Neuf før de pussa opp. Nå er det en plen ment for at ugress skal vokse fritt, ilag med seks insektshotell. Man må ha så mange grønne flekker som mulig i byen.

Økonomi over miljø

Vilde Rosén, nestleder av St.Hanshaugen bydelutval, er ei av dei som er med å godkjenna kutt av grønne midlar i budsjettet for 2025.



– Det er virkelig synd at vi må kutte støtte til grønne midler. Grunnen er at vi har en veldig stram økonomi. Vi har rett og slett ikke råd til det nå, for vi styrer mot et stort underskudd. Oslos system for tildelinger til bydelene er basert på demografi, vi kommer da dårlig ut av det, mens bydeler med mange friske eldre kommer bedre ut.

Tiltaket blir altså kutta frå 500 000kr til 0kr. I dei andre bydelane held tilbodet fram der Gamle Oslo har 1 million til same formål eller Grunerløkka med 500 000kr. Rosén uttrykkjar frustrasjon over at andre bydelar kan halda oppe tilbodet dei må leggja ned, og at det er for stor forskjell mellom bydelane.

– I praksis blir jo det en ulikhetsmaskin, for de friskeste eldre er gjerne de mest velstående. Hverken Grünerløkka eller Gamle Oslo er jo der, så jeg er imponert over at de kunne finne penger til grønne midler i denne pressede økonomiske situasjonen.

Sjølv om miljø og trivsel er i fokus, er det ikkje alltid økonomien strekk til for denne gongen, noko som ikkje er like lett som folkevalt.

– Ingen av oss ble folkevalgte for å legge ned tilbud i nabolaget vårt, likevel er det slik det blir. For å være ærlig, tror jeg det kan bli enda vanskeligere fremover. Vi måtte nå vedta et budsjett med et omstillingsbehov på 100 millioner kroner, men det verste er at vi er forventet å omstille for et enda høyere beløp i 2026.

Sjølv om Rosén legg mykje vekt på budsjett og pengar, kan det framleis vere lys i tunnelen og meiner tilbodet er sentralt for godt naboskap i bydelen.

– Vi fikk vedtatt et verbalforslag om at vi har som intensjon å lyse ut grønne midler så snart som mulig, så jeg håper vi vil kunne gjøre det.